



› Vurdering - oppsummering

Kommunerekneskapen for 2020 viser eit brutto driftsresultat på + kr 13 232 906 som er det kommunen hadde i 2020 til dekning av netto finansutgifter og til netto avsetningar. Kommunerekneskapen for 2020 viser eit netto driftsresultat på - kr 5 951 401 som fordeler seg slik:

Netto avsetningar: (kr 5 530 253 – 11 208 280) = - 5 678 027 = rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) kr 11 629 428.

Samla meirforbruk i høve til justert driftsbudsjett for alle rammeområder er – kr 20 954 283.

Eit korrigert netto driftsresultat, der premieavvik er trekt ut, viser - 823 000 kr.

Finansieringsbehovet var kr 35 003 745.

Rekneskapsresultatet for 2020 gir grunn til bekymring. Det har gjennom året ikkje vore balanse mellom driftsutgifter og driftsinntekter. Giske kommune har ikkje disposisjonsfond og får derfor meirforbruk i drifta. Kommunen klarer ikkje å følge sin eigen forpliktande plan og dekkje tidlegare års meirforbruk. Samla underskot som må dekkast er per 31.12.2020 kr 26 645 683.

Det som bekymrer mest er eit driftsnivå som ikkje er berekraftig i forhold til inntektene. Kommunen har klart å dekkje nokre negative avvik i tenesteproduksjonen, men er avhengig av usikre ekstraintekter dersom ein skal klare å halde driftsnivået og bygge opp eit reservfond slik at kommuneøkonomien kan håndtere uforutsette hendingar utan at det får konsekvens for tenestetilbodet.

For å ha ein «sunn økonomi» med +3 % netto driftsresultat, måtte kommunen forbetre sitt netto driftsresultat med 27 mill. kr. Dette dømet viser at kommunen har behov for å stramme inn drifta med 20 - 25 mill. kr, og at kommunen får betydelege utfordringar i åra som kjem med å få årsbudsjett og årsrekneskap i balanse. Kommunen har ikkje lenger eit disposisjonsfond som kan nyttast, og det er behov for å bygge opp dette på nytt.